

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1954

Namnet på vatnet Børkavatnet
Kommune Fjelldal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet
og skriving av meldinga, er utført av Roga-
land Skogselskap v/ E. Berg etter retnings-
liner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind
Vasshaug.

K R O K A V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 7. aug. 1974.

Vatnet ligg i Suldal kommune, nærmere stadfest sør for Økstravatnet, og aust for Kruna og Helgafjellet.

Arealet er omlag 5 ha og h.o.h. 342 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamtover eit grunt vatn, der største djup neppe er over ca. 10 m.

Stranda består av stein og fjell som går over til gjermebotn mot djupet. Ein vil her finna mykje dødt, organisk materiale.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, nøkkeroser, flotgras og ein kraftig siv-vegetasjon på sine stader ,vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om skogsmark, myr og fjell. Her veks blandingsskog av furu og bjerk, med einer, røslyng m.v. som undervegetasjon. Noko hovudtilsig har ikkje dette vatnet, men fleire småbekker fell inn ymse stader.

Avlaupet renn ut i nord og går til Økstravatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 4.0 m og fargen på vatnet sterkt gulig-brunt.

Dette indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6.2 som er bra for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 2.0 mg/l og den totale hardheita 3.8 mg/l. Vatnet er kalkfattig, men relativt bra, samanlikna med andre analyserte vatn.

Leiingsemna $K_{18} = 26.3 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga er liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 3 fjærmygglarver og 1 musling tilsvarande 40 individ pr. m^2 .

5.0 meteren gav som resultat 1 musling, 1 fåbørstemark og 1 fjærmygglarve - i alt 30 individ pr. m^2 .

Samla resultat syner at det er lite med næringsdyr i vatnet. For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretaken, tok vi mageprøver av 2 fiskar og her vart det funne mygg, fisk, fjærmygglarver, vannkalvlarver, linsekreps, maur og stankelbeinlarver.

Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, med planktonhov, og resultatet må karakteriserast som ein relativt rik prøve.

Fisk m.v.

Auren rår grunnen åleine.

Det vart sett ut 2 garn og resultatet etter 1 fangstnatt vart 14 aurar. Alle fiskane vart fanga på garn omf. 26. På det andre garnet omf. 18 var det ikkje fisk i det heile.

Ein tok prøver av alle fiskane og av desse var 10 røde, 2 lysrøde og 2 kvite i fiskekjøttet.

Vidare var der 4 hanfiskar og 10 hofiskar.


10 av fiskane var angripne av parasittar.

Medel fyllingsgrad 1.88.

Ser vi på medellengda, og den årlege lengdetilveksten av prøve-fiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	4.2	9.3	15.3	20.4	23.3	24.5	29.0
Årleg lengdetilv., i cm	4.2	5.1	6.0	5.1	2.9	1.2	4.5
Antall fiskar	14	14	14	14	9	3	1

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Krokavatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år). Fisken syner stort sett ein normal lengdetilvekst fram til 4 års alder, men her blir normalkurven kryssa. Det oppsvinget som kurven gjer ved 6 års alder skuldast berre 1 fisk og er såleis ikkje representativ for fisken i vatnet. Det er grunn til å tru, at den forlenga lina frå 6 års alder er meir rett, og at fisken går mot ei maksimallengd på ca 25-26 cm men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken.



Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som medels næringsrikt og med eit fiskebestand som er litt i overkant av vatnet si bæreeemne.

Dei kjemiske tilhøva er gode, men botnprøvene gav eit magert resultat. Planktonprøven var relativt rik og fisken stort sett av bra kvalitet.

Av prøvefiskene var 71 % angripne av parasittar og dette tyder på at fiskebestandet er noko i overkant i høve til det næringsforrådet som vatnet byd på. Det er viktig at det er samsvar mellom desse faktorane.

Som kjent er det nedslagsfeltet som spelar ei avgjerande rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen i eit vatn. Består dette av dyrka mark, vil alltid tilsigia herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma

vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølv næringssgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Krokavatnet har ikkje kultivert mark, men eit relativt rikt jordsmon og ein frodig vegetasjon, har ført til gode tilhøve for fiskeproduksjon. Nedslagsfeltet er såleis i stand til å nøytraliserer den sure nedbøren vi i dag får og dermed får vi ein pH som er bra for aure.

Gytetilhøva er tåleg gode i den største av tilsigsbekkene.

Det er lite truleg at fisken kan gå mellom Økstravatnet og Krokavatnet.

Praktiske tiltak.

Då det frå før av er starta eit grunneigarlag i området, bør Krokavatnet inngå i dette.

Elles vil vi tilrå at fisket blir noko intensivert i åra framover. Ved å setje 2-3 garn ved bekkeosane om hausten, vil ein kunna ta ut ein del av gytefisken. Dermed vil ein oppnå å få auke medelstorleiken noko og parasittane vil etter alt å døma forsvinna av seg sjølv.

I det heile er det eit lite og oversikteleg vatn, så ved hjelp av litt garnfiske vil ein kunna føre fiskebestandet til det nivå ein sjølv måtte ynskje.

Når vatnet inngår i grunneigarlaget, bør ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske. Garnfisket må grunneigarane ha eineretten til og då berre til regulering av bestandet.

Elles er det ikkje så mange tiltaka som kjem på tale for dette vatnet.

Krokavatnet er litt av ei perle, så vi skulle tru det var mange som ville koma til å prøve fiskelukka si her.

Stavanger 10. mars 1975

Einar Berg